



17. mai var eit vått høgdepunkt for skulemusikken. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Uskedal skulemusikk har heldt årsmøte, og årsmeldinga fortalde at dei hadde lagt bak seg ein svært så aktiv sesong. Korpset hadde sist sesong 27 aktive musikantar og tre aspirantar.

Dei deltok i to konkurransar, "Bømløblåsen" på hausten og NM i Stavanger i juni. Det har vore konsertar på heimebane i forkant av desse konkurransane, i tillegg har korpset spelt m.a. på julemarknad, julekonsert, basar, musikkskulekonsert og sjølvsgagt 17.-mai, for å nemna noko.

Dirigentsituasjonen vart vanskeleg då den faste dirigenten vart langtidssjukemeld frå jul. Heldigvis fekk ein Magnhild Haugland og Øyvind Nikolaisen til å dela resten av sesongen mellom seg. Begge var godt kjende for korpsets medlemmene frå tidlegare, og dei gjorde begge ein kjempeflott jobb for korpset. Magnhild gjorde og ein verdfull jobb som gruppeinstruktør i hausthalvåret.

Det vart i november sett i gong opplæring for å få i gang ei ny trommegruppe under god og inspirerende leing av instruktør Ove Eikemo. Korpset er no godt rusta med tre unge og lovande slagverkarar.

Det har vore tre helgeseminar, to i Omvikkaldalen skule og eit overnattingsseminar på Tysnes. Alle seminara har vore i samarbeid med Rosendal skulekorps.

Sosiale aktivitetar har det og vore bra med, både i samband med turane til Bømlø, Tysnes, Stavanger og Putballparken i Rosendal, dessutan har det vore både tradisjonell grautfest, pizzakveld og dessutan noko godt å bita i på siste øvinga i kvar månad.

Rekneskapen viser eit mindre overskot. Dei største inntektskjeldene kjem frå bingo, basar og julelotteri. Svært betydeleg er og summen som kjem frå støtte-medlemsskap. Bygdefolket er svært flinke å støtta opp om dette. Skuffande er det derimot at tilskota frå kommune har minka kraftig dei seinare åra. Dermed vert lagsdrifta tyngre.

Ved valet viste det seg vanskeleg å fylla alle tillitsverva. I fjor fekk ein berre vald styremedlemmer som var villige til å sitja eitt år. Alle desse har gjort ein formidabel innsats, men ingen av dei tok dessverre attval. Alle sa dei seg heldigvis svært interesserte i å bidra godt i lagsdrifta framover. Nye i styret vart: Karianne Halvorsen (2 år), Randi G. Zimmer (2 år) og Gerd Ingunn Bauge (1 år). Magni Tråvik (1 år) vart vald til vara i tillegg til Margunn Kjærland som vart vald for 2 år i fjor.

Etter dette manglar ein 2 medlemmer i styret, men situasjonen er langt frå svart. Dei som er valt, går til verva med ei svært positiv innstilling. Dessutan vert det arbeid for fylla dei to ledige plassane. Korpset er godt i gang med sesongen og alle delar håpet om at dei 23 musikantane får eit like flott og utviklande år også i denne sesongen.

Av Thor Inge Døssland